Nissedal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Formannskapet**
Møtestad: Kantina, Kommunehuset
Dato: 20.06.2018
Tidspunkt: 08:30 – 13:20

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP/KRF
Geir Christian Enger	Varaordførar	AP/KRF
Runa Vee Tveit	Medlem	AP/KRF
Ian Parry-Jones	Medlem	SP/H
Kristine Sandall	Medlem	SP/H

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Sveinung Seljås	Plansjef (sakene 77/18 – 83/18)

Frå saksnr.: 77/18
Til saksnr.: 86/18

Halvor Homme
ordførar

Saker til behandling

PS 77/18 Søknad om ettergjeving av eigedomsskatt

Rådmannen si tilråding:

Gnr. 33/bnr. 259, vert friteke for eigedomsskatt for perioden 01.06.-31.12.18.
Eigedomskatt for 01.01.-31.05.18 utgjer kr 910. Resterande del av eigedomskatten for 2018 (kr 1.274) vert ettergjeve.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.06.2018

Omforeina endringsframlegg:
Gnr. 33/bnr. 259, vert friteke for eigedomsskatt for perioden 01.01.-31.12.18.

Vedtak

Gnr. 33/bnr. 259, vert friteke for eigedomsskatt for perioden 01.01.-31.12.18.

PS 78/18 N - 2/1 - Midtbø - Frådeling av hyttetomt - reguleringsplankrav - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå kravet om ny reguleringsplan for byggeområdet før det kan delast frå tomt til fritidsbustad frå g/bnr 2/1, slik det er søkt om.
Dispensasjonen er gitt på fylgjande vilkår:

- Tomta skal nyttast til fritidsbustad med maksimal BRA = 120 m2.
- Tomta skal sikrast vegrett over privat grunn fram til offentleg veg.
- Vegtilkomsten til tomtegrensa skal vere etablert i samsvar med eitt av alternativa nemnd i saksframstilllinga over, før det kan bli gitt byggeløyve for fritidsbustad på tomta.

Det blir samstundes gitt delingsløyve etter §20-1 m).

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.06.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå kravet om ny reguleringsplan for byggeområdet før det kan delast frå tomt til fritidsbustad frå g/bnr 2/1, slik det er søkt om.
Dispensasjonen er gitt på fylgjande vilkår:

- Tomta skal nyttast til fritidsbustad med maksimal BRA = 120 m2.
- Tomta skal sikrast vegrett over privat grunn fram til offentleg veg.
- Vegtilkomsten til tomtegrensa skal vere etablert i samsvar med eitt av alternativa nemnd i saksframstilllinga over, før det kan bli gitt byggeløyve for fritidsbustad på tomta.

Det blir samstundes gitt delingsløyve etter §20-1 m).

PS 79/18 N - 28/1 - Nordskogbukta - Frådeling av tilleggsareal - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå arealføremålet friluftsområde for ei frådeling av ca. 1100 m2 frå g/bnr 28/1, slik det er søkt om.
Det er eit vilkår at arealet går som tilleggsareal til g/bnr 28/41 og blir samanføya med dette, og at det samla arealet for 28/41 etter utviding ikkje blir over 2 000 m2.

Det blir samstundes i medhald av pbl § 20-1 m) gitt delingsløyve for tilleggsarealet.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.06.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå arealføremålet friluftsområde for ei frådeling av ca. 1100 m2 frå g/bnr 28/1, slik det er søkt om.
Det er eit vilkår at arealet går som tilleggsareal til g/bnr 28/41 og blir samanføya med dette, og at det samla arealet for 28/41 etter utviding ikkje blir over 2 000 m2.

Det blir samstundes i medhald av pbl § 20-1 m) gitt delingsløyve for tilleggsarealet.

PS 80/18 N - 33/66 - Treungvegen 339 - Ny garasje - plassering - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet avslår å gje dispensasjon frå byggegrensa mot rv41 slik denne er fastsett i reguleringsplanen *Treungen sør.*
Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå arealføremålet småbåthamn for ca. 36 m2 slik at godkjent garasjebygg kan flyttast til ein avstand min. 8,0 m frå bustadhuset, men framleis utanfor fastsett byggegrense mot rv41.
Formannskapet gir i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for ca. 36 m2 frå g/bnr 33/43 i grensa med g/bnr 33/66 på vilkår av at arealet går som tilleggsareal til sistnemnde eigedom.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Ordførar kom med framlegg om å utsetje saka. Dette på bakgrunn av ønskje om synfaring før handsaming av saka.

Votering: saka samrøystes vedteke utsatt.

Vedtak

Saka utsatt.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.06.2018

Formannskapet var på synfaring.

Tilleggsframlegg frå KrF:
Rådmannen får fullmakt til å justere grensa til ei rett line mellom vegen og Nisser.

Voteringar:
1. Samrøystes for rådmannen si tilråding
2. Tre for tilleggsframlegget (KrF, H og SP) to røysta mot (AP)

Vedtak

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet avslår å gje dispensasjon frå byggegrensa mot rv41 slik denne er fastsett i reguleringsplanen *Treungen sør.*
Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå arealføremålet småbåthamn for ca. 36 m2 slik at godkjent garasjebygg kan flyttast til ein avstand min. 8,0 m frå bustadhuset, men framleis utanfor fastsett byggegrense mot rv41.
Formannskapet gir i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for ca. 36 m2 frå g/bnr 33/43 i grensa med g/bnr 33/66 på vilkår av at arealet går som tilleggsareal til sistnemnde eigedom.

Rådmannen får fullmakt til å justere grensa til ei rett line mellom vegen og Nisser.

PS 81/18 N - 33/266 - Fjonevegen 179 - Tilbygg fritidsbustad - bruksareal - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå føresegn 2.6, 5.ledd i kommunedelplanen for Treungen sentrum for eit nytt tilbygg til hytta på g/bnr 33/266 på vilkår av at nytt maksimalt bruksareal (BRA) ikkje blir over 100 m2. Kommunen skal ha mottatt justerte teikningar i samsvar med denne avgrensinga før det kan bli gitt byggeløyve til tiltaket.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.06.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå føresegn 2.6, 5.ledd i kommunedelplanen for Treungen sentrum for eit nytt tilbygg til hytta på g/bnr 33/266 på vilkår av at nytt maksimalt bruksareal (BRA) ikkje blir over 100 m2. Kommunen skal ha mottatt justerte teikningar i samsvar med denne avgrensinga før det kan bli gitt byggeløyve til tiltaket.

PS 82/18 N - 38/54 - Felehovet sør - Vegbygging - reguleringsplankrav - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå reguleringsplankravet for bygging av bilveg og vatn- og avløpsnett, i delar av planområdet Felehovet sør, slik det er søkt om. Det er eit vilkår for dispensasjonen at vegen blir lagt slik at han kan inngå i eit vegnett i samsvar med ein framtidig detaljreguleringsplan over området.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.06.2018

Omforeina endringsframlegg: Det vil likevel bli krevd reguleringsplan for nye frådelingar.

Samrøystes for rådmannen si tilråding med endringsframlegget.

Vedtak

Formannskapet gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå reguleringsplankravet for bygging av bilveg og vatn- og avløpsnett, i delar av planområdet Felehovet sør, slik det er søkt om. Det er eit vilkår for dispensasjonen at vegen blir lagt slik at han kan inngå i eit vegnett i samsvar med ein framtidig detaljreguleringsplan over området.

Det vil likevel bli krevd reguleringsplan for nye frådelingar.

PS 83/18 N - Reguleringsplan Kyrtjønn - Planendring etter pbl §12-14 - klager

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet tek ikkje klagene på planendringsvedtaket i kommunestyresak 021/18 til fylgje. Klagene blir sendt til Fylkesmannen i Telemark for endeleg avgjerd.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.06.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet tek ikkje klagene på planendringsvedtaket i kommunestyresak 021/18 til fylgje. Klagene blir sendt til Fylkesmannen i Telemark for endeleg avgjerd.

PS 84/18 Fordeling av kultur-og prosjektmidlar 2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Kulturmidlar og prosjektmidlar 2018 vert fordelt slik:

Kulturmidlar	Vedtak 2018	Vedtak 2017	Medlemstal 2018	Medl. U 18 år.
Nissedal idrettslag	7.000	7.500,-	253	102
Trenissen 4H	2.000		22	19
Treungen idrettslag	7.500,-	6.500,-	333	123
Fri Bu Treungen fri kyrkje	7.500,-	6.000,-	151	151
Nissedal skyttarlag	2.000,-	2.000,-	41	8
Nissedal helselag	1.000,-	1.000,-	48	
Nissedal yngreslag	2.000,-	2.000,-	22	22
Nissedal sundagsskule	2.000,-	2.000,-	7	7
Nissedal pensjonistlag	1.000,-	1.000,-	80	
Homme og Heimdal sundagsskule	3.000,-	3.500,-	35	35
Framnes vel	1.000,-	1.000,-	60	
Havrefjell turlag	1.000,-	1.000,-	427	77
Haugsjåsund og Tjønnefoss misjonslag	1.000,-	1.000,-	14	
Fjone Yngres	2.000,-	2.000,-	9	9
Nissedal bygdekvinnelag	1.000,-		21	
Nissedalskoret	1.000,-	1000,-	27	
Laget Fellsingen	2.500,-	1000,-	54	25
UL Vårvon	1.000,-		28	1
Felle Idrettslag	2.000		70	23
Total sum:	47.500,-			

Prosjektmidlane:

Treungen Idrettslag:
Søkjer om prosjektmidlar til små fotballmål til trening. Det er stor aktivitet i fotballgruppa, 8 lag er aktive. Dette krev at fleire ting går samstundes, som trening og kamp. Då er det behov for fleire mål, slik at treningar og kampar kan gå parallelt. Tilrår å løyve: 6.000,- med grunngjeving i at dette er eit tiltak retta mot målgruppa for kulturmidlane.

Framnes Vel:
Framnes Vel søkjer om støtte til å oppgradere sentrum i Nissedal og søkjer om støtte til å lage ei trapp frå gangvegen i sentrum ned til badestranda. Dette for å tilrettelegge for badegjester, fastbuande og turistar og for båttrafikk som legg til ved brygga.
Målsettinga med tiltaket er å tilrettelegge sentrum slik at området vert brukt meir aktivt, og skape trivsel. Framnes Vel søkjer om støtte til materialer til dette føremålet.
Tilrår å løyve 4.500,-, med grunngjeving i at dette tiltaket vil tilrettelegge for auka fysisk aktivitet.

Trenissen 4H:
Trenissen 4H søkjer om 3.000,- i støtte til å halde dyrestellskurs for 4H medlemmer frå10-12 år frå heile Telemark 20.-22. april. Midlane skal nyttast til utgifter i samband med kurset, som mat, kurshaldarar og leiarar med meir.

Tilrår å løyve: 3.000,- med grunngjeving i at dette er eit tiltak retta mot målgruppa for kulturmidlane.

PS 85/18 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.06.2018

D: Psykisk helse

Vedtak

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

PS 86/18 Lån frå kommunale næringsfond til Treungen Eigedomsselskap

Rådmannen si tilråding:

Det vert ytt eit lån på til saman kr. 200 000 til Treungen eigedomsselskap frå næringsfondet (kr. 100 000) og KMD-fondet (kr. 100 000).

Lånevilkåra vert delegert til rådmannen å avgjere.

Det skal tinglysast 2. prioritets pant for lånet.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.06.2018

Readksjonell endring av tilrådinga slik at den er i samsvar med vurdering:

Det vert ytt eit lån på til saman kr. 200 000 til Treungen eigedomsselskap frå næringsfondet (kr. 120 000) og KMD-fondet (kr. 80 000).

Lånevilkåra vert delegert til rådmannen å avgjere.

Det skal tinglysast 2. prioritets pant for lånet.

Vedtak

Det vert ytt eit lån på til saman kr. 200 000 til Treungen eigedomsselskap frå næringsfondet (kr. 120 000) og KMD-fondet (kr. 80 000).

Lånevilkåra vert delegert til rådmannen å avgjere.

Det skal tinglysast 2. prioritets pant for lånet.